



OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Vår ref:  
2019/51-106

Sakshandsamar:  
Eirik Skogstad Nilsen  
eirik.nilsen@bykle.kommune.no

Dato:  
15.12.2023

## Innspel frå Bykle kommune på høyring - Strømprisutvalgets rapport "Balansekunst"

Bykle kommune viser til høyringsbrev om Strømprisutvalgets rapport «Balansekunst» med høyringsfrist 15.12.23.

Bykle kommune har satt seg inn og vurdert Strømprisutvalget sin rapport. Høyringa blir handsama administrativt, og høyringsuttala vert sendt kommunestyret som referatsak.

Rapporten forklarar på ein god måte korleis kraftsystemet fungerer, og det vist til fleire moglegheiter for å minske prisvariasjonane, samt at prisnivået og blir meir forutsigbart. Rapporten peikar etter Bykle kommune sin vurdering på fleire gode tiltak, men at disse enten er langsiktige eller ikkje har nokon prisseffekt. Bykle kommune kan derfor ikkje sjå at utvalet har svarta på utfordringane som straumkundane i prisområde NO2 står i.

Bykle kommune meiner derfor at regjeringa straks må iverksetje eit arbeid for å finne strakstiltak for å redusera prisnivået og svingingar som for verknad for prisområdet NO2. Det forventast at regjeringa sett i verk grep som vil kunne ha kortsiktig effekt. Bykle kommune er også bekymra for næringslivet, og det visast her til effekten straumprisen har hatt for næringslivet dei siste 2 åra med tanke på prisbilde.

Bykle kommune meiner at følgjande tiltak kan ha positiv effekt for straumkundar i prisområde NO2 både på kort og mellomlang sikt, og at tiltaka må vurderast omgåande av regjeringa:

- Dei flaskehalsinntekter som Statnett får, må fordelast etter kor de har oppstått. Bykle kommune meiner at dette er eit omfordelingstiltak som kan iverksetjast omgåande.
- Det bør etablerast nye reglar for strategisk reserve i vatnmagasina. Dette for å hindra forsyningskrise i landet, og desse regla må reviderast for å unngå at dei store fleire årsmagasina kan tømmast på grunn av etterspurnad frå utlandet.
- Det bør utgreiast ei felles prissone sør for Dovre og Sognefjorden for områda som i dag er områda NO1,2 og 5.
- Bykle kommune visar til at det at straumprisane i prisområde NO2 skal liggje høgare enn i resten av landet er feil. Det visast her til at i dette området produserast ein stor del av krafta i Noreg, og da kan ikkje prisnivået på straum vere på det høgaste her. Ei løysing her kan vere å innføre ordning i sluttbrukermarknaden som vil gi lik straumpris til både busetnad og næringsliv i Noreg. Bykle kommune meiner at ikkje ønskja straumforbruk bør avgrensast på anna måte enn ved å innføre

prismekanismar som b e kan gi st rre administrasjon og bidra til   skape usikkerheit hos akt rar som  nsker   etablere n ring eller annan aktivitet.

- Bykle kommune meine vidare at fritidsbustadar m  vere med i slik ordning for straum. Om ikkje vil det kunne gje konkurransevridande effektar for det lokale n ringslivet som er avhengig av denne n ringa.
- Bykle kommune meine vidare at ein m  tole at fleire vatnvegar verte utnytta til sm - eller storkraftproduksjon med tilh yrande anlegg under f resetnad at desse skattleggast og bidreg til dei kommunane som gjer naturressursar for slike tiltak. Utnytting av naturressursar b r gi noko tilbake til kommunen kor anlegga er lokalisert.
- Bykle kommune vil vidare nemne at det ikkje m  vere meir l nnsamt for utbyggjarar   velje anlegg med l gare produksjonsniv  enn det kraftressursen kan levera p  bakgrunn av ordninga med grense for grunnrenteskatten. Bykle kommune meine at denne ordninga m  vurderast justert slik at den ikkje gjer insentiv til ikkje optimal utnytting av naturressursane som er tilgjengelege.
- H gprisbidraget for inntekter p  over 70  re fr  vatnkraftproduksjon b r avviklast. Dette er viktig for   auke investeringsviljen og produksjon i eksisterande og nye vatnkraftanlegg.

Med helsing  
Bykle kommune

Karina Sloth  
kommunedirekt r

Eirik Skogstad Nilsen  
strategisk r dgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.